

Månadsbrev for November

På Sfinxen/Kosovarja



I November har det vært mykje regn og nedbør. På grunn av dette har vi ikkje hatt like lange dagar ute, spesielt for å skjerme dei aller minste på avdelinga. Vi vil gjera barna trygge i all slags vær, og då er det viktig å vera ute sjølv om det er litt storm. Men det er også viktig å ikkje presse barna for hardt i utetida, men gje seg mens det er ein god opplevelse. For at det skal vera ein god opplevelse for barna, er det også veldig viktig at barna har det dei treng av klær til å være ute i all slags vær i. Vi anbefalar alle foreldre å søke opp på yr.no for å sjekke

værmeldinga for dagen og uka som kommer. No når det er kaldt i været, ynskjer vi også at alle barna har ekstra skiftetøy i barnehagen: sokker, strømpebukse, body, bukse, genser, tskjorte. Det er også veldig greitt å ha 2 par votter, 2 luer (1 tynn og 1 tjukk). Kan også vera greitt med både varme støvlar og vintersko.

Vi har starta prosjekt Albert Åberg! Dette vil vi ha som gjennomgåande prosjekt heilt til sommaren. Barna har blitt kjent med karakteren Albert og mange av barna seier «Det er Albert!» når dei ser bilder av han. For ikkje å «glefse over» alt på ein gong har vi starta med boka «God natt, Albert Åberg», som er den første boka i serien. Den handlar om Albert som skal legge seg, men som ikkje vil. Han drar ut tida for å sleppe å sove, og spør pappaen sin om mange praktiske ting som å pusse tennene, sjekke klesskapet for løve, hente drikke og hente bamsen. Altså, veldig gjenkjenbart for både barn og vaksne. Vi les boka både som «gulv-bok» og som vanleg bok på fanget. Vi har fleire planar for barna om Albert utover nyåret, og vi gledar oss til å jobbe meir med dette.





Barna er veldig opptatt av eventyret om Bukkene Bruse for tida. Og veldig ofte er det barna som drar i gang både leik med figurar og leikar eventyret, sangen «Lille bukken bruse..» og lesing eller fortelling av eventyret. Vi har også leika ut eventyret der barna er troll og geitebukk, noko barna syns var veldig spennande. Vi undrar oss også med barna om kva geitebukken seier, kva slags toneleie dei ulike bukkane brukar når dei brekar, og ikkje minst fantasi om kor skummelt trollet er! Her får vi altså inn mykje forskjellig (bortimot alle

fagområda) rundt eit enkelt tema, som barna sjølv er motivatorar, medverkerar og inspirerer til.



Endeleg vart vi ferdige med familiehusa våre, og vi syns dei vart kjempeflotte. Barna lyser opp når dei ser sine familiemedlemmar og er stolte av å vise fram og snakke med andre barn rundt egne og andres hus. Det kan bli mykje «MIN PAPPA!» eller «MIN MAMMA!», men med deisse husa ser vi at dei forstår betre at alle har sin egen familie og det trur eg gjev ein slags trygghet for dei å vite. Takk for fine bilder 😊

No er vi i gang med adventstida! Det er ei tid der det skjer mykje i både heimen og barnehagen. Vi har sjølv sagt våre planar for ei koselig og innhaldsrik førjulstid, men vi fokuserer på at barnehagen blir ein roleg, trygg og lite førjulsstressande plass å vera i desember. Vi vil synge advents-/julesangar og ha juleverksted i løpet av heile tida før jul. Så har vi nokre datoar som kan vera lurt å merke seg der det skjer noko spesielt.

- 8. desember: Grøttest for barna (til lunsj), barna kan pynte seg.
- 10. desember: Bake lussekatter.
- 13. desember: Lucia. (Egen informasjon kommer).

No som det er så mørkt ute i hente-/bringe-tidspunkt er det ekstra viktig at alle med bil rygger bilen inn når dere parkerer, og slå av motoren! Bruk refleks på barna så langt det lar seg gjøre. Og lukk porten!

I november har vi hatt ekstra fokus på at barna prøvar / klarer sjølv. Barna både vil og klarer, og vi ser at dei blomstrar! Ofte er det for vanskeleg og ikkje artig i det heile tatt, men då støttar vi og motiverer til å prøve litt til, og då går det kanskje likevel! Det gjeld å vera positiv i møte med barna, rose dei når dei klarer sjølv og la dei få prøve, sjølv om det kan ta litt lengre tid. Om vi vaksne heile tida skal gjera alt for barna, gjer vi oss sjølv ein bjørnetjeneste, for då gidd ikkje barna å prøve sidan dei veit at dei vaksne gjer det for dei uansett. Ved å stå i det litt lengre i ein situasjon og få barna til å forstå at dei klarar, vil alt bli enklare i framtida fordi barna har innebygd at dei kan! Her i barnehagen fokuserer vi på dei små kvardaglege tinga, som vi veit at barna klarar. Kle på seg, rydde av tallerken og koppen sin, vasken hender, klatre opp og ned frå stolen, gå opp bakkar i snø osv.

Til slutt litt om sjukdom i barnehagen. Mykje sjukdom blant barn og vaksne denne hausten! Viktig at ALLE som er sjuke blir heime til vi er friske.

- Ved feber må barnet ha vært feberfri i minst 24 timar og almenntilstanden må være god.
- Ved oppkast/diaré: minst 48 timar og god almenntilstand.
- Ved symptom på luftveisinfeksjoner: Hold barnet heime og vurder om det er behov for test av RS-virus og/eller covid-test.

Håndvask er viktig! Og god almenntilstand!



Vi gledar oss til ei koseleg førjulstid!

